



## Møteprotokoll for Eldreråd

**Møtedato:** 02.05.2022  
**Møtestad:** Alver rådhus - formannskapssalen  
**Møtetid:** 12:00 - 15:20

Det var felles orienteringsmøte for ER/RMNF i kantina på rådhuset kl. 12.00. Deretter gjekk eldrerådet til formannskapssalen for handsaming av vedtakssaker.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Olav Magnus Steinsland		Utvalseiar
Jostein Dale		Nestleiar
Reidun Taule		Medlem
Sigurd Knudsen		Medlem
Randi Iden		Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Torhild Skage Syslak		Medlem
Einar Lygre		Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Helge Arne Kolås		Torhild Skage Syslak
Torill Bysheim Høyland		Einar Lygre

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg, Helge Kvam- Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg, Vibeke Erstad-tenesteleiar Psykisk helse og rus, Nina Randal-dagleg leiar Frekhaug frivilligsentral, Eva Mikkelsen-prosjektleiar Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressuseffektiv drift, Nina Randal-dagleg leiar i Frekhaug frivilligsentral, Arthur Kleiveland-møtesekretær

---

Øyvind H. Oddekav-varaordførar orienterte i sak om Høyring – Politisk styringsstruktur og reglement.

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
015/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/22	Godkjenning av møteprotokoll 21.03.2022
017/22	Høring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune
018/22	Meldingar til eldrerådet 02.05.2022

## **015/22: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Eldreråd 02.05.2022:**

### **Behandling:**

Eldrerådet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

**ER- 015/22 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

## **016/22: Godkjenning av møteprotokoll 21.03.2022**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Eldreråd 02.05.2022:**

### **Behandling:**

Eldrerådet godkjende samrøystes møteprotokollen.

**ER- 016/22 Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

## **017/22: Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune**

**Kommunedirektøren legg fram saka utan framlegg til vedtak:**

**Eldreråd 02.05.2022:**

### **Behandling:**

Kirsti Gjetle Floen (A) fekk permisjon i denne saka, og det deltok 8 av 9 medlemmar i handsaminga.

Øyvind H. Oddekalv-varaordførar, som har vore leiar for ei politisk arbeidsgruppe som har utarbeidd framlegg til politisk styringsstruktur og reglement, orienterte i saka.

Det vart i møtet sett fram følgjande fellesframlegg til uttale:

*Eldrerådet vil i denne omgang halda på dagens politiske struktur for utval og råd, og med 47 medlemmar i kommunestyret.*

Rådet meiner den første perioden i Alver kommune har vore a-typisk på grunn av pandemien, og ikkje gjev godt nok grunnlag til å kunne evaluera den politiske strukturen. Den nye kommunen er framleis under bygging, og rådet meiner styringsstrukturen først kan evaluerast i slutten av neste 4-årsperiode.

Eldrerådet fryktar også at det er altfor omfattande å slå saman store og viktig sektorar som helse og omsorg, og kultur og oppvekst til eit levekårsutval.

Rådet sluttar seg til arbeidsgruppa sitt framlegg om møtestart for politiske møte kl. 9.00.

Under avrøystinga vart fellesframlegget vedteke med 7 røyster mot 1.

Mabel Johansen (H) slutta seg til innstillinga frå fleirtalsgrupperinga i arbeidsgruppa, med 35 medlemmar i kommunestyret og tre utval medrekna formannskapet.

#### **ER- 017/22 Vedtak:**

Eldrerådet har følgjande uttale til *Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune*:

Eldrerådet vil i denne omgang halda på dagens politiske struktur for utval og råd, og med 47 medlemmar i kommunestyret.

Rådet meiner den første perioden i Alver kommune har vore a-typisk på grunn av pandemien, og ikkje gjev godt nok grunnlag til å kunne evaluera den politiske strukturen. Den nye kommunen er framleis under bygging, og rådet meiner styringsstrukturen først kan evaluerast i slutten av neste 4-årsperiode.

Eldrerådet fryktar også at det er altfor omfattande å slå saman store og viktig sektorar som helse og omsorg, og kultur og oppvekst til eit levekårsutval.

Rådet sluttar seg til arbeidsgruppa sitt framlegg om møtestart for politiske møte kl. 9.00.

#### **Ungdomsråd 02.05.2022:**

##### **Behandling:**

Ungdomsrådet har sett gjennom framlegget, og har ingen merknader til det.

#### **UR- 016/22 Vedtak:**

Ingen merknader

#### **018/22: Meldingar til eldrerådet 02.05.2022**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

#### **Eldreråd 02.05.2022:**

##### **Behandling:**

Det vart lagt fram følgjande meldingar/orienteringar:

- Øyvind H. Oddekalv-varaordførar orienterte om Politisk styringsstruktur og reglement - knytt til

sak 17/22.

- Helge Kvam-Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte om Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift. Nytilsett prosjektleiar, Eva Mikkelsen, presenterte seg.

- Vibeke Erstad-Vibeke Erstad-tenesteleiar Psykisk helse og rus gav status om tenester til psykisk helse for eldre

- Nina Randal-dagleg leiar i Frekhaug frivilligsentral orienterte om tilbod til eldre i Alver, og koma med innspel til aktuelle måtar å få gjort tilbod betre kjend. Randal vil no ta kontakt med lag og organisasjonar for å få dei til å senda inn kva møteplassar og aktivitetar dei har for eldre.

- Olav M. Steinsland-leiar i eldrerådet orienterte om Fylkeseldrerådet sin invitasjon til alle eldreråd til samling 12.-13. september, der "Leve heile livet"-reforma vil vera eit sentralt tema.

Dei to første orienteringane vart gjeve i felles orienteringsmøte for eldrerådet og RMNF.

Eldrerådet tok meldingar til orientering.

**ER- 018/22 Vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.